



# HELSE VEST IKT AS

## ÅRSREKNESKAP 2012



Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Helse Vest IKT AS er leverandør av utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest. Helse Vest IKT AS skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysningar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.



HELSE VEST IKT AS

Jonas Lies vei 65  
5021 BERGEN

Org.nr: 987 601 787

Telefon: 55 97 65 00

Telefaks: 55 97 65 50

E-post: [postmottak@helse-vest-ikt.no](mailto:postmottak@helse-vest-ikt.no)

Web: [www.helse-vest-ikt.no](http://www.helse-vest-ikt.no)

### Nøkkeltal:

- 300 tilsette
- Omsetning i 2012 på 610 mill. kr.
- Kontor i Førde, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord
- Drift og forvaltning av 800 system med tilhøyrande infrastruktur.
- Leverer IKT-tenester til 25000 brukarar, 16.000 PC-ar på 140 lokasjonar



## Innhold

Visjon og Forretningsidé	<b>2</b>
Styringsbodskap og mål	<b>3</b>
Organisasjonskart	<b>4</b>
Årsberetning	<b>5</b>
Resultatrekneskap 2012	<b>8</b>
Balanserekneskap 2012	<b>9</b>
Kontantstrømoppstilling 2012	<b>11</b>
Notar	<b>12</b>



## Visjon og forretningsidé

### Visjon

Helse Vest IKT AS har følgjande visjon:

**Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlninga.**

### Forretningsidé

Helse Vest IKT AS har følgjande forretningsidé:

- ◆ **Helse Vest IKT AS skal være leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.**
- ◆ **Helse Vest IKT AS skal være den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.**
- ◆ **Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.**
- ◆ **Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysningar blir anskaffa, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.**
- ◆ **Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelig for kundane ved behov.**

## Styringsbodskap og mål

### Styringsbodskap


**Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søkjer å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.**


### Overordna mål

Helse Vest IKT AS skal ha som overordna mål å:

- ♦ **Samordning og integrasjon av system og løysningar slik at informasjon om pasienten fylgjer pasienten gjennom pasientforløpa lokalt, regionalt og nasjonalt.**
- ♦ **Bidra til å forbetre helsetenestene ved innovativ bruk av IKT.**
- ♦ **Redusere kostnader til parallelt arbeid og auka servicenivå ved å samordne IKT-funksjonane.**

# Organisasjonskart





## Årsberetning

### ÅRSBERETNING FOR HELSE VEST IKT AS FOR 2012

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01.11.2004. Helse Vest IKT er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Selskapet er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF. Selskapet er etablert med kontor i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde.

Helse Vest IKT AS gjennomførte i 2011 ei større omorganisering med utgangspunkt i ei erkjenning av at Helse Vest IKT har ein to-delt funksjon, der den eine er "IKT-produksjonen" og den andre er Helse Vest IKT sine meir utviklingsprega bidrag til innovativ bruk av IKT i helseføretaka. Helse Vest IKT har ansvar for IKT-tenesteproduksjonen, medan det for IKT-tenesteutvikling vert levert *bidrag* til det ansvar som er plassert hos helseføretaka og øvrige kundar.

Fokus for IKT-produksjon er stabil drift, kosteffektivitet og kundetilfredsheit. 2012 har vore eit år med god driftsstabilitet. KPMG har i 2012 samanlikna kostnadane for fleire regionale IKT-einingar. Resultatet viser at Helse Vest IKT kjem godt ut, jfr. faktaboks der den region det var mogelege å gjere ei *samla* samanlikning med er anonymisert.

Helse Vest IKT tok initiativ til å *skjerpe* krav til svartid frå 80 % av telefonane skulle svarast innan 2 minutt, til at Kundesenteret frå 01.01.2012 skulle svare 80 % innan 1 minutt. I fyrste halvår hadde Helse Vest IKT utfordringar med å nå dette målet, frå sommaren har dette gått bra.

Helse Vest RHF gjennomførte i 2012 investeringar innanfor IKT-området for 188 mill. kr. Prosjekta har gjennomgåande vorte levert innanfor avtalt tid, kost og kvalitet. Ingen prosjekt har komme ut av kontroll.

Helse Vest IKT har gjennom 2012 leia prosjektet som har gjort at Helse Bergen, som fyrste helseføretak i landet, i oktober kunne sende elektroniske reseptar (eResept). Helse Vest var den einaste regionen som har makta å få på plass eit elektronisk system for å støtte innføringa av melding etter spesialisthelsetenestelova § 3-3.

Arbeidet med Neste generasjons PC plattform har hatt stort fokus i 2012. Ved utgangen av året har ca. 14.000 PC-ar fått moderne operativsystem og nytt oppsett. Den nye PC plattformen er meir brukarvennleg og gjev ein klar betring av informasjons-

sikkerheten. Helse Vest IKT har gjennom systematisk arbeid med risiko- og sårbarheitsvurdering (ROS) av IKT-infrastrukturen over mange år etablert ein god informasjonssikkerhet.

Den nye «*Helseinformasjonssikkerhetsforskriften*» regulerer krav til elektronisk tilgang til behandlings-retta helseregister. Forskrifta skal bidra til tilfredsstillande informasjonssikkerhet.

Seksjon for verksemdsutvikling og innovasjon har gjennom 2012 deltatt i fleire innovasjonsprosjekt i Helse Vest. Det er her særleg grunn til å nemne arbeidet med «smarte skjermar», eit arbeid som Helse Vest og har fått positiv omtale av i media, både regionalt og nasjonalt i fagpressa.

Helse Vest IKT er organisert i 4 avdelingar. Det er nedanfor gitt eit kort orientering om resultat for kvar avdeling.

### Sammenligning av kostnader med andre regionale IKT-enheter

«I forhold til de overordnede tallene kan det generelt observeres at NN synes å ha et noe høyere kostnadsnivå enn Helse Vest IKT. Ut fra det innleverte tallmateriale ser det ut til at NN har tjenestekostnader som i sum er 5 - 17 % høyere enn Helse Vest IKT, avhengig av målemetode. Dersom vi måler summerte tjenestekostnader for de undersøkte tjenestene relativt til de regionale helseforetakenes totale driftskostnader ligger NN 5 % høyere enn Helse Vest IKT. I forhold til aktivitet målt ved DRG-poeng ligger NN 17 % over Helse Vest IKT og i forhold til oppgitte kostnader fordelt per årsverk i regionen ligger NN 12 % over. Innen applikasjonsforvaltning har NN lavere nominelle kostnader enn Helse Vest IKT AS, men siden Helse Vest betjener en større organisasjon med flere ansatte og større aktivitet, så har de større kostnader relativt til størrelse og aktivitet i organisasjonen de skal betjene. Her har NN hhv 14 og 17 % høyere kostnader målt i forhold til hhv årsverk og DRGpoeng.»

KPMG, benchmark, desember 2012

### Avdeling IKT-fagsenter


Avdeling IKT-fagsenter har ansvaret for 1. linje og 2. linje kundestøtte samt tilgangsbehandling. Seksjon *Kundesenter* er 1.linje brukarstøtte. Seksjonen har ansvaret for all handtering av brukarhjelp via telefon, e-post og webskjema. I 2012 tok Kundesenteret imot 120.468 telefonsamtalar. Av desse vart 107.315 svara på. I tillegg handterte seksjonen 59.413 e-postar og 48.152 webskjema som kunde registrerte direkte inn i sakshandsamingssystemet.

Seksjon *Plattformstøtte* arbeider tett saman med seksjon

Kundesenteret, og fungerer som ei 2. linje for dei. Arbeidet består av meir tidkrevjande og kompliserte saker som ikkje lar seg løysa direkte på telefon og/eller e-post. Hovudoppgåvene er feilretting på sluttbrukarutstyr, til dømes PC-ar og skrivarar, og brukarstøtte på Microsoft sine operativsystem og programvarer.

På same måte som Plattformstøtte, fungerer også seksjon *Applikasjonsstøtte* som ein 2. linje brukarstøtte. Hovudkompetansen her er på dei store kliniske og administrative systema. Seksjonen bidrar også inn i fleire pågåande prosjekt.

Seksjon *Tilgangsbehandling* har ansvar for opning, endring og lukking av tilgangar til PC-ar, e-post og alle applikasjonar som vert brukt i Helse Vest. I tillegg kjem resetting av passord i dei same systema. Parallelt med seksjonen sine manuelle oppgåver blir fleire og fleire saker handtert automatisk/halvautomatisk i tilgangsportalen Samlepunktet.



## Årsberetning

### Avdeling Tenesteproduksjon

Avdelinga har ansvaret for drift og forvaltning av all IKT-relatert infrastruktur i Helse Vest.

Seksjon *Server og lagring* har gjennom 2012 vidareført fokus på utvikling mot meir effektiv drift ved utstrakt bruk av virtualisering. Det har gjort det mulig å skape rom for å gjere løysingane meir robuste og heve kvaliteten på tenestene. Seksjon *Applikasjonsdrift* har ansvar for at alle system er i drift og at det er mogleg å logge seg på og bruke hovudfunksjonane. Seksjonen har hatt svært mange leveransar til ulike programvareoppgraderingar og leveranse av programpakker til prosjekt Neste generasjons PC plattform.

Seksjon *Kommunikasjon* har hatt fokus på kjernenett og nye linjer med auka kapasitet. Det er også arbeidd vidare med ny sikkerheitsløysing for nettverk som er i pilot på ca. 1.100 punkt i nettverket. Seksjon *Plattform* har levert mange timar til prosjekt Neste generasjon PC plattform. Seksjon *Leveranse* har i tillegg til innkjøp og logistikk av IKT-utstyr, fått ansvar for lokal installert programvare. Seksjonen arbeider for å få komplett oversikt over lokalinstallert programvare i forbindelse med utrulling av Neste generasjon PC plattform.

### Avdeling Tenesteutvikling

Avdeling Tenesteutvikling har ansvar for delar av forvaltninga av IKT-løysingane i Helse Vest. Avdelinga skal bidra til betre bruk av etablerte systemløysingar gjennom vidareutvikling og oppgradering til nye versjonar.

Gjennom ansvar for å vidareutvikle applikasjonstenestene som Helse Vest IKT leverer, arbeidar avdelinga løpande med å bidra til driftsstabilitet for alle brukarar. Samstundes med eit stort fokus på god kvalitet i den operative driftskvardagen, er det jobba med å dreie fokus til vidareutvikling av applikasjonane gjennom meir dialog med helseføretaka. Det er gjennom året blitt fokusert på korleis avdelinga i større grad skal sikre god oppfølging av dei mest kritiske tenestegruppene i føretaksgruppa. Samstundes har det blitt arbeida med å levere god kvalitet på forvaltning av små og mellomstore systemløysingar gjennom auka standardisering.

### Avdeling Verksemdsutvikling

Avdeling *Verksemdutvikling* skal bidra til betre og meir innovativ bruk av IKT i helseføretaka, arbeide med verksemdarkitektur innanfor den ansvars- og rollefordeling som er avtalt i føretaksgruppa, utvikle og forvalte integrasjonar, utvikle løysingar der det ikkje er føremålstenleg å kjøpe pakker i eksternt marknad, samt levere program-, prosjekt- og testleing.

Seksjon *Innovasjon og arkitektur* arbeider saman med helseføretaka om å utvikle idear om korleis det teknologiske mogelegheitsbiletet kan understøtte verksemda sine behov og gi denne verdi, på kort og lang sikt. Seksjonen bidrar til at målbilde for verksemdarkitektur i Helse Vest vert definert, forankra og forvalta.

Seksjon *Integrasjon og løysingsutvikling* skal utvikle og forvalte systemintegrasjonar i tråd med behova i og etter bestilling frå

føretaksgruppa og utvikle løysingar der det ikkje er tenleg å kjøpe "pakke"-løysingar i den eksterne leverandørmarknaden.

Seksjonen *Prosjektleing* har ansvar for å leie prosjekt og levere desse innanfor avtalte rammer for tid, kost og kvalitet, saman med og på vegne av helseføretaka i Helse Vest, basert på etablert prosjektmetodikk og kompetanse om helseføretaka si verksemd.

### Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2012 var eit overskot på 7,9 mill. kr. Dei totale inntektene var 610,0 mill. kr. Av desse var 549,5 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 13,0 mill. kr sal av IKT-utstyr, 23,2 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 24,4 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til styringsgruppa for Nasjonal IKT).

Totale driftskostnader var 592,8 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 12,3 mill. kr, personalkostnader 156,1 mill. kr, avskrivningar 126,4 mill. kr og andre driftskostnader 298,1 mill. kr (inkludert kostnader for Nasjonal IKT med same beløp som på inntektssida). Med netto finanskostnader på 9,4 mill. kr gjev dette årsresultatet på 7,9 mill. kr.

### Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2012 var 796,3 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 82,7 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 177,6 mill. kr og utgjorde dermed 22,5 %.

### Finansiell stilling

Likviditetsbeholdning er 35,9 mill. kr og soleis tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt, men endringa er mindre enn føregåande år. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom egne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2012.

### Om miljø

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT AS var i 2012 på 5,9 %, mot 4,8 % i 2011, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær. Selskapet har hatt ein negativ utvikling i sjukefråværet, dette vert det teke tak i.

Helse Vest IKT AS er ein ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur er viktige utfordringar for selskapet. Ein opplever å ha komen langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar, internt i selskapet og med føretaka i Helse Vest.

### Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av video- og telefonmøter for å redusere reiseaktivitet.



## Årsberetning

### Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2012 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1.000.000 fordelt på 2.000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

### Likestilling

43 % av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner.  
45 % kvinner i styret samla sett.  
22 % av leiinga (inkl. stabsleiarar) var i 2012 kvinner, 25 % av avdelingsleiarane var i 2012 kvinner og 27 % av seksjonsleiarane var i 2012 kvinner.

Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha bredde i arbeidsstyrken og vil føretreke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinne-dominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

### Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2012 var eit overskot på kr 7 853 850. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.

### Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategisk partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at Tenesteavtalen med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med porteføljen som er vedteken i Helse Vest.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

## Bergen, 21. mars 2013

<hr/> Herlof Nilssen Styrelleiar	<hr/> Kari Ugland Styre-medlem	<hr/> Eivind Gjemdal Styre-medlem
<hr/> Stener Kvinnsland Styre-medlem	<hr/> Bård Lilleeng Styre-medlem	<hr/> Mette Kamsvåg Grimstad Styre-medlem
<hr/> Anne Kristine Kleiven Styre-medlem	<hr/> Ingunn Armstrong Styre-medlem	<hr/> Bodil Lekve Styre-medlem
<hr/> Svend B. Jacobsen Styre-medlem	<hr/> Toril Ormberg Reite Styre-medlem	<hr/> Erik M. Hansen Administrerende direktør

## Resultatrekneskap 2012

Alle tal i 1000 NOK

	Note	2012	2011
Basisramme	2	3 600	2 875
Annan driftsinntekt	2	606 443	554 308
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>610 043</b>	<b>557 183</b>
Varekostnad		12 250	24 601
Lønn og andre personalkostnader	3	156 139	127 624
Ordinære avskrivningar	6	126 356	101 266
Andre driftskostnader	4	298 060	287 619
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>592 806</b>	<b>541 111</b>
<b>Resultat frå drifta</b>		<b>17 237</b>	<b>16 072</b>
Finansinntekter	5	1 663	1 154
Finanskostnader	5	11 047	11 965
<b>Netto finansposter</b>		<b>-9 383</b>	<b>-10 811</b>
<b>Resultat før ekstraordinære poster</b>		<b>7 854</b>	<b>5 261</b>
<b>Resultat i perioden</b>		<b>7 854</b>	<b>5 261</b>
Overført annan eigenkapital	10	7 854	5 261
<b>Sum overføringer</b>		<b>7 854</b>	<b>5 261</b>

## Balanserekneskap 2012

Alle tal i 1000 NOK

<b>EIGEDLER</b>	Note	<b>2012</b>	<b>2011</b>
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Programvarelisensar	6	384 765	361 590
Prosjekt under utvikling	6	98 395	111 904
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>483 161</b>	<b>473 494</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
IKT-utstyr, inventar transp.m. o.l	6	130 231	89 762
Anlegg under utføring	6	38 909	27 501
<b>Varige driftsmidler</b>		<b>169 140</b>	<b>117 263</b>
Finansielle anleggsmidler		1 054	827
<b>Andre finansielle anleggsmidler</b>		<b>1 054</b>	<b>827</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>653 355</b>	<b>591 584</b>
<b>Omlaupsmidler</b>			
Varer	7	9 315	9 410
Krav	8	97 741	82 549
Bankinnskott, kontantar og liknande	9	35 935	50 140
<b>Sum omlaupsmidler</b>		<b>142 991</b>	<b>142 099</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>796 346</b>	<b>733 683</b>

*Alle tal i 1000 NOK*

## Balanserekneskap 2012

### EIGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2012	2011
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	10	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	10	150 319	150 319
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>151 319</b>	<b>151 319</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	10	26 279	18 425
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>26 279</b>	<b>18 425</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>177 597</b>	<b>169 744</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetjinger for forpliktingar</b>			
Pensjonsforplikting	11	32 760	28 891
<b>Sum avsetjinger for forpliktingar</b>		<b>32 760</b>	<b>28 891</b>
<b>Annan langsiktig gjeld</b>			
Langs. gjeld til føretak i samme konsern	12 ,14	498 019	440 328
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>498 019</b>	<b>440 328</b>
Skuldige offentlege avgiftar		12 295	9 877
Anna kortsiktig gjeld	13	75 675	84 844
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>87 970</b>	<b>94 721</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>618 749</b>	<b>563 940</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>796 346</b>	<b>733 683</b>

**Bergen, 21. mars 2013**

Herlof Nilssen Styreleiar	Kari Ugland Styremedlem	Eivind Gjemdal Styremedlem
Stener Kvinnsland Styremedlem	Bård Lilleeng Styremedlem	Mette Kamsvåg Grimstad Styremedlem
Anne Kristine Kleiven Styremedlem	Ingunn Armstrong Styremedlem	Bodil Lekve Styremedlem
Svend B. Jacobsen Styremedlem	Toril Ormberg Reite Styremedlem	Erik M. Hansen Administrerende direktør

## Kontantstrømoppstilling 2012

Alle tal i 1000 NOK

	2012	2011
<b>Kontantstrømmer frå operasjonelle aktiviteter:</b>		
Årsresultat	7 854	5 261
Ordinære avskrivningar	126 356	101 266
Endring i omlaupsmidlar	-15 097	-7 194
Endring i kortsiktig gjeld	-6 751	-19 685
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	3 869	7 309
Investeringsstilskott ført til inntekt	0	-2 000
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter</b>	<b>116 232</b>	<b>84 957</b>
<b>Kontantstrøm frå investeringsaktiviteter:</b>		
Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-187 900	-207 530
Inn-/utbetalingar ved sal/kjøp av fin.anl.m	-227	-184
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktiviteter</b>	<b>-188 127</b>	<b>-207 714</b>
<b>Kontantstrømmar frå finansieringsaktiviteter:</b>		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	60 000	108 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter</b>	<b>57 691</b>	<b>105 691</b>
<b>Netto endring i likviditet</b>	<b>-14 204</b>	<b>-17 066</b>
Likvide midlar 01.01	50 140	67 206
<b>Likvide midlar 31.12</b>	<b>35 935</b>	<b>50 140</b>

## Notar

### Note 1 Rekneskapsprinsipp

#### Etablering av føretaket

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tid vart anleggsmiddel og forpliktingar overført til selskapet som tingsinnskot.

#### Verdsetjing

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemdar der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

#### Korrigert resultat

Resultatet var i 2007 korrigert med verknaden av innskjerpa økonomiske føresetnader på pensjon som først fekk konsekvens for rekneskapan i 2006 og 2007. For 2008 var deler av den auka pensjonskostnaden kompensert. Resultatet for 2008 var korrigert for auka pensjonskostnad utover det som var kompensert frå staten.

For 2010 var resultatkravet korrigert med om lag halve verknaden av planendinga som følgje av innføring av delar av pensjonsreforma. Resten av verknaden blei justert ved at inntektsrama til føretaket blei redusert. I 2011 og 2012 er det ingen justering av resultatet frå departementet si side.

#### Generelt om rekneskapan

Rekneskapan for 2012 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapan for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og note-opplysingar. Rekneskapan er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillings-prinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om fortsett drift. Ved utarbeidinga av rekneskapan må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdi av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå de opphavlege estimat.

#### Konsolidering

Helse Vest IKT går inn i konsernregnskapan til Helse Vest RHF og eig ikkje eigne aksjar.

#### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lågaste av kostnad ved kjøp og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmidlar blir vurdert til kostnad ved kjøp, men blir nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

#### Prinsipp for inntektsføring

##### Sal av tenester til helseføretaka og til eksterne kundar, sal av IKT-utstyr

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsført når dei er utførte.

##### Øyremerka tilskot

Tilskot til øyremerka tiltak blir inntektsført i den perioden kostnadene med aktiviteten blir rekneskapsført.

##### Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gje framtidige inntekter/bruksverdi for helseføretaket er aktivert.

Kjøpte immaterielle eigedelar, som til dømes lisensar for programvare blir aktivert og avskrivne over økonomiske levetid.

##### Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir ført i balansen til historisk anskaffingskost trekt frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ein økonomisk levetid på over tre år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller forbetringar blir lagt til driftsmiddelets kostpris og avskrive i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar kostnadsføres etter kvart som dei kjem på. Renter som knyt seg til anlegg under oppføring blir aktivert som ein del av kostprisen.

Ved sal og utrangering av anleggsmidlar blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

## Note 1 Rekneskapsprinsipp

### Avskrivingar

Ordinære avskrivingar er berekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivingane er klassifisert som driftskostnader.

### Nedskriving

Nedskrivingar av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar blir vurdert når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til verdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

### Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP blir kostprinsippet nytta. Det vil seie at det normalt berre er inn og utbetalingar som påverka størrelsen på innskottet.

### Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffingskost etter FIFO- prinsippet eller gjennomsnittleg kostpris og verkeleg verdi. Det blir føreteke nedskriving for pårekeleg ukurans i samsvar med god rekneskapskikk.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til pårekeleg tap. Avsetjing til tap kjem fram etter ein konkret vurdering av enkeltfordringar og av fordringsmassen som heile.

### Pensjoner

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir berekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjoner og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmiddel samt aktuarmessige føresetnader om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmiddel er vurdert til verkeleg verdi og trekt frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Endringar i forpliktinga som har skuld i endringar i pensjonsplanar blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som har skuld i endringar i og avvik frå føresetnadene for berekningane (estimatendringar) blir delt over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved årets byrjing overstig 10 % av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Pensjonsberekningane er inkludert arbeidsgjevaravgift.

Arbeidstakarane sin del av pensjonspremien er trekt frå i lønnskostnadene.

Pensjonskostnadene for 2012 er bygd på føresetnadene som blei lagt til grunn for netto midlar/forpliktingar 2011 etter rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for vurderingar gjort i samråd mellom helseregionane og som er vurdert å vere rimelege føresetnader per 01.01.12. Det er teke omsyn til endringar i rettleiinga gitt ved årsskiftet 2012/2013 i samband med berekning av pensjonsforplikting 31.12.12.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

### Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

### Skatt

Helse Vest IKT AS er friteke for skatt av di ein leverer varer og tenester til kostpris utan fortjeneste.

### Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i resultatet for føretaket for å kunne presentera kontantstraumar tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

### Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlige års rekneskap blir ført direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

## Notar

### Note 2 Fordeling av inntekt

	2012	2011
<b>Tenestosal helseføretaka</b>	549 460	482 262
<b>IKT-utstyr</b>	13 024	25 351
<b>Tenestosal eksterne</b>	23 177	20 142
<b>Anna *)</b>	24 382	29 428
<b>Sum</b>	<b>610 043</b>	<b>557 183</b>

\*) I posten Anna inngår hovudsakleg inntekter frå Nasjonal IKT. Tilsvarende kostnader til Nasjonal IKT er teke med under Andre driftskostnader i Note 4.

### Note 3 Løn og andre personalkostnader

	2012	2011
<b>Lønnskostnader Helse Vest IKT AS</b>		
Lønnskostnader	130 284	110 773
Arbeidsgjevaravgift	18 264	15 668
Pensjonskostnader	23 418	19 468
Andre ytingar	7 201	6 777
- Balanseførte lønnskostnader eigne tilsette	-23 028	-25 059
<b>Sum lønn og personalkostnader</b>	<b>156 139</b>	<b>127 624</b>

#### Lønn og annan godgjersle til administrerande direktør

Lønn	1 249	1 081
Pensjonskostnader	184	164
Andre ytingar	44	36
<b>Sum lønn dagleg leiar</b>	<b>1 477</b>	<b>1 281</b>

#### Styregodtgjersle

Styregodtgjersle	160	117
------------------	-----	-----

#### Godgjersle til revisor

Revisjon etter lova	253	190
Andre tenester utanfor revisjon *)	12	
<b>Sum honorarer til revisor</b>	<b>265</b>	<b>190</b>

Alle tal inkludert mva

#### Antall tilsette og årsverk

Gjennomsnittleg antall tilsette i rekneskapsåret	287,5	254
Tal på årsverk pr 31.12	296	251

Dagleg leiar har 6 månaders oppseiingstid. Det er ikkje gitt lån eller stilt tryggleik til dagleg leiar, styremedlem eller andre leiande tilsette. Dagleg leiar har ikkje avtale om bonus eller etterlønn.

### Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Helse Vest IKT definerer personar i stillingane administrerande direktør, avdelingsleiar, økonomisjef og administrasjonssjef som leiande personell.

Helse Vest IKT følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

Leiarlønn i føretaka skal være konkurranse-dyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

### Utgreiing leiarlønnspolitikken i 2012

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 73/12 i styremøte 20.12.2012. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt.

Lønn for leiande tilsette er i hovudsak fast lønn. Helse Vest IKT har i 2012 hatt som målsetjing å tilby leiande tilsette konkurranse-dyktige arbeidsvilkår. Styret i Helse Vest IKT meiner at lønnspolitikken i 2012 har vore i tråd med de statlige retningslinene.

### Lønn og anna godtgjersle til leiande personell

Namn	Tittel	Lønn	Pensjonskostnad	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode 1)	Tilsettingsperiode 2)	Ytingar frå andre føretak i føretaksgruppa	
								Styre-honorar	Pensjon og anna godtgjersle
Andersen, Ørjan	Avdelingsleder	836 744	214 089	6 681	1 057 514	01-12	01-12		
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleder	805 449	112 611	6 681	924 741	01-12	01-12		
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleder	834 401	240 641	6 681	1 081 723	01-12	01-12		
Flaten, Harald	Avdelingsleder	858 954	125 776	13 329	998 059	01-12	01-12		
Hansen, Erik M	Adm. dir.	1 248 658	184 053	4 681	1 437 392	01-12	01-12		
Håland, Åge	Administrasjonssjef	664 173	81 628	6 681	752 482	01-12	01-12		
Nordenson, Per	Økonomisjef	783 733	109 943	4 519	898 195	01-12	01-12		

1) Tenestetid/-periode angir perioden i regnskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

2) Tilsettingsperiode er perioden vedkommande har vore tilsett i føretaket og eventuelt andre føretak i føretaksgruppa.

## Notar

### Note 4 Andre driftskostnader

	2012	2011
Bygninger og kontorlokaler, energi og brensel	14 859	15 371
Kjøp og leige av utstyr, maskiner og liknande	5 991	5 242
Reparasjon, vedlikehold og service	2 114	2 856
Konsulenttenester	63 504	61 153
Anna ekstern teneste	7 160	10 575
Kontor- og kommunikasjonskostnader	38 713	33 171
Kostnader i samband med transportmidlar	202	144
Reisekostnader	6 426	3 953
Forsikringskastnader	26	354
Andre driftskostnader	159 066	154 800
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>298 060</b>	<b>287 619</b>

### Note 5 Finansposter

	2012	2011
Andre renteinntekter	1 591	1 132
Andre finansinntekter	73	21
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>1 663</b>	<b>1 154</b>
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	10 935	11 880
Andre rentekostnader	63	63
Andre finanskostnader	48	22
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>11 047</b>	<b>11 965</b>

### Note 6 Immaterielle egedelar og varige driftsmidlar

Immaterielle egedelar	FOU	EDB programvare	Prosjekt under	Sum
			utvikling	
Kostpris 01.01		715 726	111 904	827 630
Tilgang i året		83 421		83 421
Tilgang verksemdoverføring				
Avgang i året			-13 509	-13 509
<b>Frå prosjekt under utvikling</b>		<b>13 509</b>		<b>13 509</b>
Kostpris 31.12	0	812 656	98 395	911 051
Akk. Avskrivningar 31.12		427 891		427 891
Akk. Nedskrivningar 31.12				
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>0</b>	<b>384 765</b>	<b>98 395</b>	<b>483 160</b>

Ordinære avskrivningar i året 73 754 73 754

Levetid 5 - 10 år

Avskrivningsplan Linær

## Note 6 fortsettelse

Varge driftsmidler	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinksteknisk utstyr	Transportmiddel, inv. og utstyr	Sum
Kostpris 01.01			27 501		358 125	385 626
Tilgang i året			11 408		93 071	104 479
Tilgang verksemdsoverføring						
Avgang i året						
Frå anlegg til utføring						
Kostpris 31.12	0	0	38 909	0	451 195	490 105
Akk. Avskrivninger 31.12					320 965	320 965
Akk. Nedskrivningar 31.12						
Balanseført verdi 31.12	0	0	38 909	0	130 231	169 140
Ordinære avskrivningar					52 602	52 602
Levetid					3 - 5 år	
Avskrivningsplan					Linær	

## Note 7 Varelager

	2012	2011
<b>Varer for videresalg</b>		
Ferdigvarer	9 315	9 410
<b>Sum varelager</b>	<b>9 315</b>	<b>9 410</b>

## Note 8 Andre kortsiktige krav

	2012	2011
Kundekrav	1 399	1 916
Konsernkonto	29 770	45 010
Krav på føretak i føretaksgruppa	83 329	63 549
Andre kortsiktige krav	13 012	17 085
<b>Sum krav</b>	<b>127 510</b>	<b>127 560</b>

Kundekrav har følgjande fordeling på forfall

Krav som ikkje er forfalt	1 005	937
Forfalte krav 1-30 dagar	111	948
Forfalte krav 31-60 dagar	0	31
Forfalte krav 61-90 dagar	88	0
Forvalte krav over 90 dagar	195	0
<b>Kundekrav pålydande per 31.12</b>	<b>1 399</b>	<b>1 916</b>

Krav på andre føretak Helse Vest er ikkje med i desse tala

## Notar

### Note 9 Kontantar og bankinnskott

	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Skattetrekksmidler	6 166	5 130
<b>Sum bundne bankinnskott</b>	<b>6 166</b>	<b>5 130</b>
Bankinnskott og kontantar som ikkje er bunde	27 770	45 010
<b>Sum kontantar og bankinnskott</b>	<b>35 935</b>	<b>50 140</b>

Helse Vest har konsernkontoordning.

### Note 10 Eigenkapital

	<b>Aksje- kapital</b>	<b>Annan innskoten eigenkapital</b>	<b>Annan eigenkapital</b>	<b>Sum eigenkapital</b>
Eigenkapital 31.12.2011	1 000	150 319	18 425	164 483
Eigenkapital 01.01.2012	1 000	150 319	18 425	164 483
Resultat dette året			7 854	7 854
<b>Eigenkapital 31.12.2011</b>	<b>1 000</b>	<b>150 319</b>	<b>26 279</b>	<b>177 597</b>

Føretakskapitalen på kr 1 000 000 er fordelt på 2 000 aksjer, kvar lydande på kr 500.  
Helse Vest IKT AS er 100% eigd av Helse Vest RHF.

#### Styringsmål frå eigar

	<b>2012</b>	<b>2011</b>	<b>2002–2012</b>
Resultat i høve til årsrekneskapen	7 854	5 261	24 937
<b>Overført frå strukturfond</b>			
Korrigert for endra levetider			
Korrigert resultat	7 854	5 261	24 937
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkrava			1373
Resultat jf- økonomiske krav	7 854	5 261	26 310
Resultatkrav	1 000	300	6 314
Avvik frå resultatkrav	6 854	4 961	19 996

## Note 11 Pensjonsforpliktning

	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Oppsamla pensjonsforpliktning	-134 097	-119 761
Pensjonsmidlar	94 024	77 047
<b>Netto pensjonsforpliktning</b>	<b>-40 073</b>	<b>-42 714</b>
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforpliktelsar	-5 558	-5 924
Ikkje resultatført virkning av estimatavvik	12 872	19 757
<b>Netto bokførte pensjonsforpliktingar inkl. AGA</b>	<b>-32 760</b>	<b>-28 891</b>

<b>Spesifikasjon av pensjonskostnaden</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	17 558	15 151
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	5 194	5 069
<b>Brutto pensjonskostnad</b>	<b>22 572</b>	<b>20 220</b>
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-3 467	-3 747
Administrasjonskostnader	806	605
Estimatavvik	480	
<b>Pensjonskostnad eks AGA</b>	<b>20 571</b>	<b>17 077</b>
Arbeidsgjevaravgift	2 787	2 335
Resultatført planendring	0	0
<b>Netto pensjonskostnad inkl. AGA</b>	<b>23 358</b>	<b>19 412</b>
Andre pensjonskostnader*	58	53

\* Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarberekna, servicepensjonar og sikringsordning.

<b>Økonomiske føresetnader</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Årleg fortjeneste	4,00 %	4,10 %
Diskonteringsrente	4,05 %	3,80 %
Uttak AFP etter erfaring	20-60 %	20-60 %
Årleg vekst i lønn	3,50 %	3,50 %
Årlig vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,25 %	3,25 %

Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	285	259
Talet på oppsatte personar med i ordninga	178	159
Talet på pensjonistar med i ordninga	20	18

Pensjonskostnadene for 2012 er bygd på føresetnadene som blei lagt til grunn for netto midlar/forpliktingar 2011 etter rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for vurderingar gjort i samråd mellom helseregionane og som er vurdert å vere rimelege føresetnader per 01.01.12. Det er teke omsyn til endringar i rettleiinga gitt ved årsskiftet 2012/2013 i samband med berekning av pensjonsforpliktning 31.12.12.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

## Note 12 Anna langsiktig gjeld

	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Gjeld til føretak i same konsern	498 019	440 328
<b>Sum anna langisiktig gjeld</b>	<b>498 019</b>	<b>440 328</b>
Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	498 019	440 328

## Note 13 Anna kortsiktig gjeld

	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Leverandørgjeld	14 604	27 132
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	9 407	12 960
Lønn	17 531	456
Feriepengar	1 348	14 557
Anna kortsiktig gjeld	32 785	29 739
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>75 675</b>	<b>84 844</b>

## Note 14 Mellomværende med føretak i same konsern

<b>Føretak</b>	<b>Kortsiktige fordringar</b>	<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>Langsiktig gjeld</b>
Helse Vest RHF	18 364	7 050	498 019
Apoteka Vest HF	1 917	2	0
Helse Bergen HF	31 625	1 694	0
Helse Stavanger HF	15 416	421	0
Helse Fonna HF	7 887	178	0
Helse Førde HF	8 120	62	0
<b>Sum</b>	<b>83 329</b>	<b>9 407</b>	<b>498 019</b>